



Sakshandsamar, innvalstelefon
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato
26.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/3507-0
Dykkar referanse

NGIR
Lindåsvegen 1260
5956 Hundvin

Rapport frå inspeksjon ved NGIR slamkomposteringsanlegg 28. mars 2014

Rapportnummer: 2014.065.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Rune Ones
Erlend Kleiveland

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Astrid Holte
Nina Vadøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik innan følgjande tema og 1 merknad under inspeksjonen:

- Internkontroll
- Løyvet

Avvika og merknaden er nærmere omtala frå side tre og utover i rapporten.

NGIR må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2014** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtala på side to.

Sissel Storebø e.f.
senioringeniør

Nina Vadøy
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til: Lindås kommune og Mattilsynet v/ Øydis Iren Opheim

1. Informasjon om verksemda

Namn: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS	Anleggsnr.: 1263.0039.04
Besøksadresse: Kjevikdalen, 5956 Hundvin	
Postadresse: Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin	
E-post: ngir@ngir.no	Telefon: 56 34 33 10
Kommune: Lindås	Organisasjonsnr.: 974 702 568
Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 – Handsaming og disponering av ikke-farleg avfall	Eigar (org.nr.): 856 167 402
Løyve sist oppdatert: 18. januar 1991	Risikoklasse: 3

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Fylkesmannen og Mattilsynet gjennomførte ein lokal tilsynsaksjon mot slam- og komposteringsanlegg i Hordaland mars/april 2014. Fylkesmannen førte tilsyn for å kontrollere om gjeldande krav i løyve etter forureiningslova blir haldne. Aksjonen var ei oppfølging av tilsynsaksjonen som vart gjennomført i 2010.

Frå Mattilsynet, Distriktskontoret for Bergen og omland, stilte Øydis Iren Opheim. Mattilsynet skrive eigen rapport frå tilsynet.

Følgjande hovedtema vart kontrollert:

- internkontroll med vekt på risikovurderingar, avvikshandtering og skriftlege rutinar for ytre miljø
- utslepp til vatn, grunn og luft
- drift av slam- og komposteringsanlegget
- løyvet av 18. januar 1991

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **1. september 2014** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **1. september 2014**, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 17. mars 2014 at NGIR vil få eit gebyr på 12 000 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7 sidan anlegget er plassert i risikoklasse 3. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 18. januar 1991
- dokument frå NGIR lagt fram under tilsynet

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontollova og forskrifter heimla i desse lovane eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjoner).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigkeitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda driv ikkje i samsvar med løyve

Avvik frå:

Løyvet av 18. januar 1991

Kommentar til regelverket:

Rammekrav

NGIR har løyve til mottak og handsaming av inntil 1 000 m³ avvatna slam per år.

Driftsinstruks/driftsplan

Verksemda skal ha ein driftsinstruks/driftsplan for drifta av komposteringsanlegget.

Årsrapport

Verksemda skal sende årsrapport til Fylkesmannen innan 1. mars kvart år.

Observasjonar under tilsynet:

Rammekrav

NGIR opplyste at dei har teke imot over grensa for løyvet dei siste tre åra; I 2011 tok dei imot 1 700 tonn, 2 152 tonn i 2012 og 1 993 tonn i 2013.

Driftsinstruks/driftsplan

Driftsinstruksen til verksemda er ikkje i tråd med slik anlegget blir drive i dag. Dette gjeld mellom anna bruk av massane, temperatur og avstand mellom ranker.

Årsrapport

NGIR har ikkje sendt årsrapport for komposteringsanlegget til Fylkesmannen.

Avvik 2: Risikovurderinga er mangelfull

Avvik frå:

Løyvet av 18. januar 1991

Kommentar til regelverket:

Verksemda skal utføre risikovurderingar og lage handlingsplan for å redusere risiko for uønskte hendingar. Risikovurderinga skal oppdaterast jamleg.

Observasjonar under tilsynet:

NGIR har ei skriftleg risikovurdering for ytre miljø som var sist oppdatert 10. desember 2010.

Følgjande hendingar var ikkje risikovurdert (lista er ikkje uttømmande):

- avrenning frå kompost gjennom deponi
- store nedbørsmengder over tippegrop og kompostranker
- lukt
- uønskt avfall i slammet ved levering frå sugebil
- bruk av strukturmaterialer som ikkje er reint

8. Merknader

Vi har ikkje gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Verksemda har ingen registrerte avvik på komposteringsanlegget

Kommentarar:

NGIR har eit system for avvikshandtering og har ført avvik på ytre miljø for enkelte aktivitetar, men ikkje på komposteringsanlegget. Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentaking av feil og manglar.

9. Andre forhold

Løyve

Verksemda har eit eldre løyve frå Fylkesmannen til drift av ettermodningsanlegg for avvatna septikslam datert 18. januar 1991. Løyvet er ikkje i samsvar med dagens praksis og NGIR tek imot meir slam enn det er gitt løyve til. Fylkesmannen vil revidere løyvet til drift av ettermodningsanlegget saman med dei andre løyva til NGIR, med unntak av deponiløyvet. Vi vart under tilsynet einig om at

NGIR sender søknad til Fylkesmannen for aktivitetane lista opp under saman med tilbakemelding på inspeksjonen.

- kompostering av slam
- mottak av farleg avfall (utover forskrift for standardiserte krav)
- mottak av bilvrak
- sortering av avfall
- kverning av golvbelegg
- kverning av trykkimpregnert trevirke

Lagring av kompost på deponiet

NGIR lagrar slamkompost oppe på deponiet i over 3 år. NGIR opplyste at dei planlegg å bruke slamkomposten til toppdekke ved avslutning av deponiet. Etter avfallsforskrifta § 9-2 må ein ha særskilt løyve dersom avfall skal lagrast lenger enn 3 år. I dette tilfellet skjer lagringa på toppen av eit deponi med løyve etter forureiningslova. Fylkesmannen vil komme tilbake med nærmare avklaring om lagring av slamkompost på deponiet.

Bruk av kompost som toppdekke på deponiet

Over tettingsskiktet (der avrenninga går til overvasssystemet) skal bruk av slamkompost skje i samsvar med gjødselvareforskrifta. Dersom det skal brukast meir kompost eller därlegare kvalitet enn krava i forskrifta, krev dette unntak og må handsamast av Mattilsynet. Det må også gå fram av avslutningsplanen kva mengde og kvalitet på massar som skal brukast til toppdekke. Fylkesmannen kan på bakgrunn av avslutningsplanen fastsette vilkår for avslutning.

NGIR har sendte i 2004 inn avslutningsplan for deponiet. Dette vart lagt til grunn i samband med oppdatering av løyvet i 2009. Vi minner om at seinast 1,5 år før avslutning av deponiet skal NGIR leggje fram ein plan for endeleg avslutning og etterdrift, jf. løyvet av 29. juni 2009 punkt 3.3